

Vann serien og feira med kake.

04.11.2016



G13-laget som vann serien.

**G13-laget til Rosendal kan sjå tilbake på ein svært god sesong. Etter ein bra vårsesong har dei no i haust feia gjennom si pulje i G13, 2.divisjon til ein suveren siger. Med 21 poeng og 42 - 9 i målskilnad var dei heile 8 poeng føre nr.2 Finnås. No er laget klar for Meister-sluttspølet for G13, 2.divisjon.**



Lag	K	V	U	T	Mål	P
1. Rosendal	8	7	0	1	42-9	21
2. Finnås	8	4	1	3	41-43	13
3. Bremnes 2	8	3	1	4	44-41	10
4. Moster	8	2	1	5	16-32	7
5. Trio 2	8	2	1	5	23-41	7

[Tabellen for haustsesongen. I vår spela dei i ei anna pulje.](#)

Siste seriekampen vart spela på kunstgrasbanen i Uskedalen torsdag kveld. Motstandar var Moster, og heimelaget vann ein trygg 3 - 0 siger. Dermed avslutta dei den gode sesongen på ein flott måte. Det vil seia at det berre er seriesesongen som er slutt. No ventar altså Meister-sluttspellet. Førstkommande søndag er det heimekamp mot Halsnøy i Rosendal. Den gode serieinnsatsen vart feira med kaker, kaffi og saft etter kampen torsdag.

Det er 6 uskedelinger på laget: Tørres M. Iekva, Jostein Soldal, Joacim S. Musland, Jonathan Taranger, Ole H. Eik og Kristoffer Hauge

Resten av spelarane kjem innante, frå Matre til Rosendal. Det er Einar Eik, Sondre Tveit, Lauritz T. Kirknes, Øyvind H. Nes, Gustav J. Haugse, Emil O. Skår, William Svendsen, Peder S. Seglem, Ludvig Søllesvik, Isak Naterstad, Sindre Jonassen.

Hege Lekva fortel at det er ein flott gjeng, og dei flinke og kjekke trenarane deira er Hilde Olderkjær, Magne Skår og dotter deira Tina Skår. Dei gjer ein god jobb. Magne er og trenar for damelaget i Rosendal, og Tina spelar på damelaget. Laget har og ein god lagleiar som har full kontroll på det organisatoriske. Det er Ingrid Guddal.

Vi gratulerer laget med den flotte seieren i serien, og ønskjer dei lukke til i Meister-sluttspellet.



Den flotte serieinnsatsen vart feira etter kampen torsdag.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Hege Lekva